





FORSVARSBYGG

20**22**

---

ÅRSMELDING





# UBÅTEN TRENG EI HAMN

Vi leverer bygg og anlegg til Forsvaret  
i heile landet – i fred, krise og krig

**FORSVARSBYGG**

Vi bygger forsvarsevne hver dag

# 1

RAPPORT FRÅ LEIAREN	4
---------------------	---

# 2

INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG TAL	8
Dei store tala	10
Fordeling av eigedomsmassen	11
Forsvarsbygg sitt samfunnssoppdrag	12
Organisasjon og leiing	12
Samarbeid med andre	13
Måla våre	13
Nøkkeltal	13
Organisasjonen	14
Forsvarssektoren	15

# 3

ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT	16
Samla vurdering	18
Forsvarsbygg sitt målbilete	19
Mål R1 Eit beredskapsklart Forsvarsbygg	20
Mål R2 Framskaffing av berekraftig EBA	20
Mål R3 Målretta og god forvalting av forsvarssektoren sin EBA	22
Mål R4 Profesjonell og heilskapleg rådgjeving	23
Rapport for ressursbruk	26
Bemanningssituasjonen vår	27
Totale kostnader	28

## VEDLEGG TIL ÅRSRAPPORT

- Rapport for likestilling og mangfold
- Miljørapporet

# 4

STYRING OG KONTROLL	30
Overordna vurdering av styring og kontroll	33
Mål- og resultatstyring	33
Risikostyring og internkontroll	33
Riksrevisjonen	34
Kultur og integritetsbygging	34
Porteføljestyring	34
Digitalisering	35
Tryggleik og beredskap	35
Personvern og informasjonstryggleik	35
Innsats mot arbeidslivskriminalitet	36

# 5

FRAMTIDSUTSIKTER	38
Mål R1 Eit beredskapsklart Forsvarsbygg	40
Mål R2 Framskaffing av berekraftig EBA	42
Mål R3 Målretta og god forvalting av forsvarssektoren sin EBA	43
Mål R4 Profesjonell og heilskapleg rådgjeving	45

# 6

ÅRSREKNESKAP	46
Leiingskommentar til årsrekneskapen	48
Prinsippnote til årsrekneskapen	50

# 1

KAPITTEL 1

## Rapport frå leiaren



Vi har sytt for gode leveransar  
til Forsvaret og bidratt til  
berekraftige og kosteffektive  
leveransar som står opp under  
behova til forsvarssektoren.



## Forsvarsbygg har levert akseptable resultat i samhandling med Forsvaret og styrkt evna til forsvar og viljen til beredskap.

Russland sin invasjon av Ukraina har gjeve varige endringar i situasjonsbildet for norsk tryggleiks- og forsvarspolitikk. Vi har prioritert dei riktige oppgåvane for å bidra til styrkt forsvar, og vilje til beredskap. Saman med Forsvaret har vi prioritert ressursane inn mot eigedom, bygg og anlegg som gjev styrkt operativ evne og auka innsatsen for å gjere Forsvarsbygg tilstrekkeleg beredskapsklar. I tillegg har vi intensivert rådgjevinga om korleis eigedom, bygg og anlegg kan brukast som ressurs i forsvaret av Noreg. Dette gjeld særleg i arbeidet med fagmilitært råd (FMR), som vil vere eit sentralt innspel til regjeringa sitt arbeid med ny langtidsplan for forsvarssektoren. Desse prioriteringane vil vere førande for planlegginga og styringa av verksemda i den resterande delen av langtidsperioden og om det oppstår knappleik på kapasitet, kompetanse eller andre ressursar.

## Eigedom, bygg og anlegg for god beredskap og auka operativ evne

I 2022 har Forsvarsbygg levert effektive og operative eigedomar, bygg og anlegg til Forsvaret i tråd med behova til forsvarssektoren. Det har likevel vore utfordringar med å halde framdrifta i enkelte viktige utbyggingsprosjekt, og vi må bli endå betre til å utnytte investeringsramma fullt ut. Vi har lykkast med å drive planmessig og effektivt vedlikehald av forsvarssektoren sin eigedom, bygg og anlegg med tildelte middel.

Forsvarsbygg har vidareutvikla operativt planverk i samvirke med andre aktørar i forsvarssektoren. Deltakinga vår i Cold Response 2022 og nasjonale beredskapsøvingar har auka Forsvarsbygg si evne til å samarbeide og understøtte Forsvaret i krise og krig. Vi har også lagt til rette for allmenn verneplikt og auka kvaliteten på butilhøva for over 700 meinige og befal. I 2023 vil vi vidareutvikle det tette samarbeidet med forsvarssektoren og totalforsvaret for å understøtte beredskaps- og totalforsvarevna.

## Utvikling og verdibevaring av eigedomsporteføljen

Med nesten 13 000 bygg og anlegg spreidde over heile landet, forvaltar vi Noregs største offentlege eigedomsportefølje. I 2022 gjennomførte vi vedlikehald for 769 millionar kroner. Det er ei utfordring å oppretthalde tilstandsgraden på den samla bygningsmassen til forsvarssektoren på grunn av eit aukande vedlikehaldsetterslep. Vi prioriterer vedlikehaldstiltak som støttar Forsvaret sin framtidige basestruktur og som er viktig for forsvarssektoren si operative evne og beredskap.

Forsvarsbygg har vurdert kva slags tilstandsgrader som bør stillast for dei ulike byggkategoriane som grunnlag for fastsettjing av framtidig ambisjonsnivå for tilstandsgrader. Analysen viser at det bør byggjast vidare på dagens strategi for verdibevaring.

I 2022 selde vi forsvarseigedomar for 196 millionar kroner som Forsvaret ikkje lenger har behov for. Salsinntektene består primært av sal av Mågerø leir, Åsegarden leir og den gamle befalsskolen i Trondheim. Forsvarssektoren har framleis behov for å avhende betydeleg eigedom, bygg og anlegg dei neste åra for å bidra til å finansiere forsvarsstrukturen i langtidsperioden. Avhending vil også redusere framtidige driftsutgifter.

Forsvarsbygg har ansvaret for forsvarssektoren sine kulturhistoriske eigedomar, festningar og fort. Nokre av desse er berre delvis i operativ bruk, men bidrar betydeleg til den historiske forståinga av samfunnsbetydninga av eit godt forsvar. Vi har leia ei utgreiing for framtidig forvalting av forsvarssektoren sine kulturhistoriske eigedomar. Utgreiinga har vore på høyring, og Forsvarsbygg samanstiller no høyringsinnspela for oversending til Forsvarsdepartementet. Utgreiinga skal gje regjeringa eit kunnskapsgrunnlag for å vurdere alternative løysingar til dagens forvalting av forsvarssektoren sine kulturhistoriske eigedomar.

I 2022 hadde festningane 2,9 millionar besøkande. Dette er ein auke på 300 000 frå fjoråret og tyder på at festningane er på veg mot eit meir normalt besøks- og aktivitetsnivå etter nedgangen i pandemien.

## Ein berekraftig forsvarssektor

Forsvarssektoren fekk i 2022 ein sams klima- og miljøstrategi. Strategien skal syte for at forsvarssektoren er framtidsretta, omstillingssyktig og ein del av det grøne skiftet. Samarbeid vil vere heilt sentralt for å løye klima- og miljøutfordringane i sektoren. Forsvarsbygg vil gjere sin del av jobben for å bidra til Noregs innsats for å nå nasjonale mål innanfor klima og miljø, i tillegg til berekraftmåla til FN. Vi har fått hovudansvaret for områda energi og klima samt naturmiljø og kulturhistoriske verdiar.

Forsvarssektoren skal redusere energiforbruket til eigedom, bygg og anlegg med minst ti prosent, så raskt som mogleg, og 15 prosent innan utgangen av 2025. Forsvarsbygg har iverksett ei rekke strakstiltak som allereie har gjeve resultat. Vi samarbeider med Forsvaret om ein haldningskampanje om korleis kvar og ein kan bidra til å redusere energibruken i kvardagen. I tillegg gjev vi råd til forsvarssektoren om energireduzierande tiltak.

Kompetansen til Forsvarsbygg blir anerkjend utanfor sektoren, og det eksterne samarbeidet vårt gjev meirverdi til leveransane våre. Eit eksempel frå 2022 er styreleiarvervet som Forsvarsbygg sin leiari for miljø og berekraft vart tildelt i EarthresQue, eit senter for forskingsdriven innovasjon. Senteret skal finne løysingar for berekraftig handtering og bruk av overskotsmassar og avfall, og vil vere ein viktig bidragsytar i arbeidet med å oppfylle forsvarssektoren sine ambisjonar om sirkulære løysingar, gjenvinning og redusert miljøpåverknad. Forsvarsbygg vil også auke innsatsen og kompetansen på grøne anskaffingar gjennom kontraktskrav og miljøoppfølgingsplanar. Du kan lese meir om arbeidet vårt med klima og miljø i miljørapporten vår.

## Vi bidrar til ein meir moderne og effektiv forsvarssektor

Forsvarssektoren skal, innan utgangen av 2024, ha identifisert og henta ut 2,3 milliardar kroner i varige vinstar gjennom modernisering og effektivisering. Vi har sett oss høge ambisjonar for verksemderutvikling, modernisering og effektivisering av eiga verksemd for å bidra til at forsvarssektoren når målet. Forsvarsbygg har tilnærma nådd effektiviseringskravet for 2022 og har bidratt med vår andel av effektiviseringsmålet for

sektoren. Innføring av kategoristyring av anskaffingane våre vil framleis vere sentralt i det vidare arbeidet samstundes som vi står resten av forsvarssektoren ved å stille viktige ressursar til disposisjon.

I 2022 har vi testa bruk av dronar for å inspirere bygg og skyte- og øvingsfelt. Erfaringane så langt er gode og opnar for enklare drift, planlegging og vedlikehald av eigedomane våre.

Regjeringa har gjennom Hurdalsplattformen vedteke at reinhaldstenesta skal tilbake til forsvarssektoren. Forsvarsbygg har fått dette ansvaret som del av ei heilskapleg eigedomsforvalting. Ambisjonen er samla sett å få til ei betre løysing for reinhaldet enn vi har i dag. Forsvarsbygg har ved årsskiftet starta arbeidet med å byggje opp reinhaldsorganisasjonen med basis i dei reinhaldsressursane som finst i sektoren i dag. I arbeidet blir det viktig med tett dialog med dei tilsette, brukarane og dagens leverandørar, slik at vi tar med oss dei gode erfaringane frå dagens løysing.

## Heilskapleg styring

Forsvarsbygg har levert eit akseptabelt økonomisk resultat innanfor rammene av forsvarleg forvalting og sektoren sine krav til haldning, etikk og leiing. Internrevisjonen har vurdert at Forsvarsbygg si overordna mogenhet på styring og kontroll er formalisert med element av etterleving. Denne vurderinga er uendra frå 2021, men det blir peika på at Forsvarsbygg har gjort ei rekke forbeteringar i 2022 og at vurderingskriteria for 2022 er strengare. Riksrevisjonen hadde ingen merknader til rekneskapen for Forsvarsbygg i 2021. Forsvarsbygg vil bidra med fagleg og styringsmessig innsikt i det pågående arbeidet med tillitsreforma i forsvarssektoren for å sikre at innsatsfaktoren eigedom, bygg og anlegg blir tatt godt hand om.



Svein Thorbjørn Thoresen


DIREKTØR FORSVARSBYGG



KAPITTEL 2

# Introduksjon til verksemda og hovudtal

Forsvarsbygg er eit statleg  
forvaltningsorgan underlagd  
Forsvarsdepartementet. Vi utviklar,  
byggjer, driftar og avhendar  
eigedom for forsvarssektoren.




# 2022

## Dei store tala




**11,2**

Totale kostnader var  
11,2 milliardar kroner



**1 413**

Tilsette fordelt  
på 1 366 årsverk



**356**

Aktive investeringsprosjekt  
i ulike fasar



**769**

Utført vedlikehald for  
769 millionar kroner




**196**

Selt forsvarseigedom for  
196 millionar kroner



**12 866**

Talet på bygg og anlegg  
vi forvaltar




**50 449**

Vi avhenda 50 449  
kvadratmeter i 2022



**21**

Byggjeprosjekt overleverte  
til forsvarssektoren




**2,9**

2,9 millionar besøkande  
på festningane

# FORSVARSBYGG FORVALTAR EIN BYGNINGSMASSE PÅ **4 164 642** KVADRATMETER

Fordeling av eigedomsmassen

● Administrasjon- og stabsanlegg	14,2 %
● Velferds- og fritidsanlegg	3,0 %
● Forlegningar og messer	18,6 %
● Bustader	6,4 %
● Lager- og vedlikehaldsanlegg	29,0 %
● Basisanlegg	1,2 %
● Utdannings- og øvingsanlegg	6,1 %
● Strids- og forsvarsanlegg	18,2 %
● Andre EBA	3,4 %



## Forsvarsbygg sitt samfunnsoppdrag

Eit operativt og moderne forsvar er avhengig av tilgang til tidsriktige og funksjonelle eigedomar, bygg og anlegg. Dette er oppgåva til Forsvarsbygg. Vi bidrar til operativ kampkraft i forsvarssektoren ved at Forsvaret og andre etatar i forsvarssektoren har eigedom, bygg og anlegg som er løpende tilpassa behova deira. Vi legg også til rette for trening og mottak av allierte forsterkingar. Forsvarsbygg er ein beredskapsorganisasjon, tett integrert med andre etatar i forsvarssektoren. Vi trenar og øver med Forsvaret slik at vi har beredskap for å levere funksjonelle eigedomar, bygg og anlegg også i krise og krig.

### **Vi planlegg, byggjer, forvaltar og driftar**

Forsvarsbygg varetar forsvarssektoren sine eigedomar, bygg og anlegg gjennom heile levetida for anlegget. Vi syter for alle oppgåver knytte til investeringsprosessen og til utvikling og bygging av ny eigedom, bygg og anlegg. Vi er ansvarleg for forvaltning, drift og vedlikehald, og vi avhendar eigedom sektoren ikkje lenger har behov for. Avhendinga omfattar alt frå sal til miljøopprydding og tilrettelegging for sivil bruk. Dette tilfører middel til forsvarsbudsjettet og fritar forsvarssektoren for framtidig drifts- og opprydjingsansvar.

### **Vi vernar og sikrar bygg og anlegg**

Forsvarsbygg ved Nasjonalt kompetansesenter for sikring av bygg (NKS) er forsvarssektoren og staten sin rådgjevar for vern og sikring av eigedom, bygg og anlegg mot eksplosjonsulykker, terrorhandlingar, spionasje, sabotasje og annan kriminalitet. NKS er landets leiande miljø for å utvikle kunnskap og løysingar som bidrar til eit tryggare Noreg.

### **Vi tar vare på kulturminne og skaper nytt liv på historisk grunn**

Forsvarsanlegg, festningar og fort har gjennom heile historia vår vore sentrale i forsvaret av landet og for utviklinga av lokalsamfunna som dei var sette til å verne. Det er viktig for samfunnet å ta vare på denne historia og gjere henne tilgjengeleg for nye generasjonar. Forsvarsbygg si kulturminnefaglege rådgjeving bidrar til å ta vare på kulturminneinteresser og sameine verneomsyn med optimal bruksfunksjon. Vi forvaltar og utviklar dei nasjonale festningsverka og syter for at dei er tilgjengelege for publikum heile året.

### **Vi tar vare på miljøet**

Klima- og miljøarbeid er ein naturleg del av samfunnsansvaret til forsvarssektoren. God miljøforvalting er avgjerande for å legge til rette for at Forsvaret skal kunne øve og trenre samstundes som vi tar vare på miljøet. Forsvarsbygg har den fremste kompetansen i landet på miljøutfordringar innanfor forureining og støy frå militær aktivitet og øvingar. Stadig meir spesialiserte krav for forsvarssektoren blir varetatte og oppfylte.

### **Nøkternt kostnadsnivå**

Forsvarssektoren sine eigedomar, bygg og anlegg skal vere operative og funksjonelle, men samstundes nøkterne. Forsvarsbygg vel kostnadseffektive løysingar både innan investeringar i ny og drift av eksisterande eigedomsmasse for å halde kostnadene på eit nøkternt nivå slik at ein kan frigjere ressursar til å styrke kjerneverksemda til Forsvaret.

Det er Forsvarsdepartementet som eig eigedomane i forsvarssektoren. Forsvarsdepartementet vedtar investeringar og korleis eigedom, bygg og anlegg skal nyttast og utviklast. Forsvarsbygg har ansvaret for å utvikle, bygge, vedlikehalde og drifte eigedom, bygg og anlegg som forsvarssektoren betaler leige for. Forsvaret er leigetakar og brukar og prioriterer og stiller krav ut frå sine behov. Driftskostnadene blir finansierte gjennom forsvarssektoren sin husleigebaserte forvaltingsmodell, som er vedteken av Stortinget. Dette synleggjer kostnadene for eigedom, bygg og anlegg. Visjonen vår er å bygge forsvarsevne kvar dag.

## **Organisasjon og leiing**

Forsvarsbygg er i dag den største offentlege eigendomsaktøren i Noreg. Vi tar hand om Forsvaret sitt behov gjennom planmessig vedlikehald og fornying av den totale eigedomsporteføljen med 12 866 bygg og anlegg på totalt 4 164 642 kvadratmeter bygningsmasse fordelt over heile landet. Dei totale kostnadene for 2022 var på 11,18 milliardar kroner. Sidan 2001 har vi avhenda 3,1 millionar kvadratmeter ikkje-føremålstenleg eigedom. Sal av eigedom har gjort at forsvarssektoren har fått tilbakeført 5,8 milliardar kroner netto til å styrke den operative evna til Forsvaret. Vi har 1 413 tilsette fordelt på 1 366 årsverk. Vi er til stades der Forsvaret er, i 285 av dei 356 kommunane i landet. Hovudkontoret vårt er i Oslo.

Byggje- og rehabiliteringsprosjekta våre spenner breitt frå bustader, forlegningar og kontorbygg til vedlikehaldsfasilitetar for nye ubåtar og ny kampflybase med støttefunksjonar og infrastruktur. Forsvarets logistikkorganisasjon har fått nytt forsyningsbygg på Værnes, Evenes flystasjon har fått fleire nye bygg for forsyning og luftvern og i Kolsås leir har vi bygd ny mannskapskaserne. I 2022 hadde vi om lag 356 større og mindre investeringsprosjekt i ulike fasar over heile landet. Vi investerer for om lag 3,5 milliardar kroner årleg.

### Samarbeid med andre

Forsvarsbygg sine aktivitetar har ringverknader for innbyggjarar i heile Noreg, både i og utanfor Forsvaret. Vi har ei leiande rolle i byggje- og eigedomsbransjen, og tar denne rolla på alvor gjennom høg kvalitet i anskaffingsprosessar og godt samarbeid med leverandørar. Vi har eit tett samarbeid med dei mange lokalsamfunna vi er til stades i, og vi legg til rette for tillit og god interaksjon mellom forsvarssektoren og lokalsamfunnet.

### Måla våre

Effektmåla til Forsvarsbygg er *berekraftige og kosteffektive leveransar som står opp under behova til forsvarssektoren.*

For å nå dette har vi fire resultatmål:

- R1 Eit beredskapsklart Forsvarsbygg**
- R2 Framskaffing av berekraftig eigedom, bygg og anlegg**
- R3 Målretta og god forvaltning av eigedomar, bygg og anlegg i sektoren**
- R4 Profesjonell og heilskapleg rådgjeving**

Dei seks interne måla våre blir tatt hand om av etatssjef og blir ikkje rapporterte til Forsvarsdepartementet:

- Effektive prosessar og brukarorienterte digitale løysingar
- Tryggleik i innovasjon og samhandling
- Strategisk styring av eigedomsporføljen gjennom integrerte planprosessar
- Motiverte og engasjerte medarbeidarar som skaper gode resultat
- Heilskapleg styring og kontroll
- Skape tillit til Forsvarsbygg som sektoren sin EBA-aktør

### Nøkkeltal

Indeksregulerte kroneverdiar for tidlegare år

År	2022	2021	2020	2019
Talet på tilsette	1 413	1 446	1 474	1 389
Antal avtalte årsverk*	1 366	1 395	1 415	1 330
Talet på utførte årsverk	1 278	1 321	1 315	1 247
Samla tildeeling post 01-99 (mill. kroner)	10 470	9 804	8 983	8 352
Utnyttingsgrad post 01-29**	91 %	91 %	95 %	111 %
Sum driftskostnader (mill. kroner)	7 656	6 857	6 376	6 775
Andel investeringar**	33 %	41 %	46 %	41 %
Lønsandel av driftskostnader**/***	12 %	15 %	15 %	14 %
Lønskostnader per utførte årsverk (heile tusen)**/***	717	762	736	765
Seld forsvareigedom for (mill. kroner)	196	219	237	338
Framskaffa kapasitetar (mill. kroner)	4 037	4 693	3 995	3 399
Driftsresultat overført til Forsvarsdepartementet	-864	-462	-442	-253

\* Det vi omtalar som årsverk i årsrapporten er avtalte årsverk

\*\* Ny utrekning har påverka historiske tall

\*\*\* Lønskostnader i 2022 er påverka av endra pensjonsmodell

**Organisasjonen per 31.12.2022**



### **DIREKTØR FORSVARSBYGG**

Svein Thorbjørn Thoresen



#### **ASSISTERANDE DIREKTØR**

Camilla Mathiesen



#### **AVDELINGSDIRECTØR KOMMUNIKASJON**

Frode Vik Jensen



#### **AVDELINGSDIRECTØR PROSJEKT OG UTVIKLING**

Jens Levi Moldstad (fungerande)



#### **AVDELINGSDIRECTØR EIGEDOMSFORVALTNING**

Jan Erik Johansen



#### **AVDELINGSDIRECTØR RESSURSSENTER**

Stig Nilsen




#### **AVDELINGSDIRECTØR ANSKAFFINGAR**

Marit Kristiansen



## Forsvarssektoren



# 3

KAPITTEL 3

## Årets aktivitetar og resultat



Forsvarssektoren skal i langtids-perioden 2021–2024 vidareutviklast, og nye kapasitetar skal skaffast fram samstundes som krav til modernisering og effektivisering blir tilfredsstilt.

Den langsiktige måloppnåinga til sektoren føreset at Forsvarsbygg evnar å utvikle berekraftige og kosteffektive leveransar som stør opp under behova til forsvarssektoren.

## Samla vurdering

**Vi har akseptabel måloppnåing på tre av fire mål og vurderer samla resultat til akseptabelt.**

### Ressursbruk

Dei totale kostnadene i 2022 var på 11,18 milliardar kroner. Av dette er 7,66 milliardar kroner driftskostnader og 3,52 milliardar kroner investeringar i eigedom, bygg og anlegg. Vi har brukt midla målretta på eigedom, bygg og anlegg gjennom berekraftige og kosteffektive leveransar som står opp om behova i forsvarssektoren.

Driftskostnadene har auka med 0,96 milliardar kroner frå 2021. Vare- og tenestekjøp utgjer 72 prosent av dei totale kostnadene i 2022 inkludert gjennomførte investeringar i eigedom, bygg og anlegg. Dette er ein auke på 0,2 prosentpoeng samanlikna med 2021. Andelen samla lønskostnad utgjer 10,9 prosent. Dette er ein reduksjon på 1,3 prosentpoeng. Av- og nedskrivningar på varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar utgjer 12,6 prosent, ein auke på 0,1 prosentpoeng samanlikna med fjaråret. Andre driftskostnader utgjer 4,4 prosent av totalkostnaden og er ein auke på 0,9 prosentpoeng samanlikna med fjaråret.

### Rekneskapen

Kontantrekneskapen for 2022 viser 864 millionar kroner høgare driftsutgifter enn driftsinntekter. Dette er 447 millionar kroner mindre enn tillate meirutgift på 1,3 milliardar kroner, og årsresultatet på drift er såleis akseptabelt. For 2022 har Forsvarsbygg levert tilnærma i tråd med målkravet til vinstrealisering.

### Klima og miljø

Klima- og miljøarbeid er ein naturleg del av samfunnsansvaret til forsvarssektoren. Forsvarssektoren fekk i 2022 ein sams klima- og miljøstrategi, som skal syte for at forsvarssektoren er framtidsretta, omstillingssyktig og ein del av det grøne skiftet. Vi jobbar målretta med å redusere energiforbruket i forsvarssektoren og har starta innføringa av eit energioppfølgingssystem som overvakar energibruk på leirnivå. Anskaffingane våre skal aktivt stø opp under klima- og miljøstrategien.

### Effekt for forsvarssektoren og samfunnet i 2022

overleverte Forsvarsbygg 21 byggjeprosjekt til forsvarssektoren. Det vart avslutta 45 prosjekt til ein samla sluttkostnad på 3,1 milliardar kroner. Vi deltok i NATO-øvinga Cold Response 2022 og andre nasjonale øvingar. Øvingane har auka Forsvarsbygg si evne til å samvirke og stø opp under Forsvaret i krise og krig.

Nokre av dei viktigaste prosjekta våre i 2022, var nytt logistikksenter på Værnes, ny mannskapskaserne på Kolsås, nye fasilitetar for velferd og idrett på Ørland flystasjon og utviding av kontorbygget til Kystvakta på Sortland. På Evenes flystasjon har vi levert fleire nye bygg for forsyning og luftvern samt vern og sikring av flystasjonen. Vi har også inngått store entreprisekontraktar for å styrke øvingskapasiteten for nasjonale og allierte styrkar ved Akkasæter i Troms og lagerhallar for lagring av materiell og utstyr på Bardufoss. Vi har utført vedlikehald på bygningsmassen og prioritert eigedom, bygg og anlegg som vidareførast på den framtidige basestrukturen til Forsvaret. I tillegg har vi utgreidd og kome med ei tilråding om korleis ei tilbakeføring av reinhaldstenesta til forsvarssektoren kan gjerast på ein slik måte at løysinga samla sett blir betre enn i dag. At vi er til stades over store delar av landet, gjer oss til ein viktig bidragsytar for både lokal og nasjonal sysselsetting.

Vi bidrar til å skape nytt liv på historisk grunn ved å leggje til rette for aktivitet på dei nasjonale festningsverka. Festningane vart i 2022 besøkte av 2,9 millionar personar. Dette er ein liten auke frå 2021 og tyder på at interessa for dei nasjonale festningsverka aukar etter ein liten nedgang i besøket under koronapandemien.

Vi avhendar eigedom som Forsvaret ikkje lenger skal bruke. Gjennom sal og miljøsanering bidrar vi til at tidlegare militære eigedomar blir tilgjengelege for ny sivil bruk. Etter at kostnader til riving, sikring og miljøsanering er trekte frå, leverte vi om lag 196 millionar kroner tilbake til forsvarsbudsjetta til bruk for høgare prioriterte føremål i forsvarssektoren. Avhending av eigedom bidrar også til å redusere forsvarssektoren sine samla driftskostnader til eigedom, bygg og anlegg.

## Forsvarsbygg sitt målbilete

### VURDERINGSKRITERIUM

- God
- Akseptabelt
- Ikkje akseptabelt
- Tryggingsgradert

# R1

Eit beredskapsklart Forsvarsbygg

# R2

Framskaffing av berekraftig EBA

# R3

Målretta og god forvalting  
av forsvarssektoren sin EBA

# R4

Profesjonell og heilskapleg rådgjeving

Forsvarsbygg har i fleire år samarbeidd med Skatteetaten om forsterka innsats mot arbeidslivskriminalitet. I 2022 vart det gjennomført kontrollar som ikkje var varsle på førehand på fem lokasjonar, som avdekte konkrete avvik og forbettingsområde som blir følgde opp av Forsvarsbygg. Forsvarsbygg har også bidratt til inndriving av om lag 12 millionar kroner gjennom å hindre tilgang til byggjeplass før dokumentasjon på innbetalte skatte- og avgiftresistansar ligg føre.

Digitalisering er grunnsteinen for vidare effektiv drift. I 2022 har vi fortsett arbeidet med den digitale transformasjonen vår.

# R1

## Resultatmål 1

### EIT BEREDSKAPSKLART FORSVARSBYGG

Forsvarsbygg skal stø opp om Forsvaret si operative evne og beredskap i tråd med dei krava som til kvar tid blir stilte gjennom instruksar og retningslinjer for sektoren innanfor området. I Forsvarsbygg skal etaten si støtte av Forsvaret si operative evne og beredskap inngå som ein integrert del av verksemderstyringa til Forsvarsbygg. Forsvarsbygg skal ha oppdaterte beredskapsplanar og gjennomføre relevante beredskapsførebuingar, med grunnlag i definerte oppgåver, slik at etaten har ein fullt ut tilfredsstillande beredskap i samsvar med definisjonen av beredskapsklar. Det skal gjevast prioritet til aktivitet som aukar evna til å støtte nasjonal og alliert operativ planlegging og samhandling. Forsvarsbygg skal i lys av erfaringane frå koronapandemien vurdere om det bør opprettast fleire avtalar med sivile styresmakter om faste eller ad hoc-liaisonar. Forsvarsbygg skal også gjennomføre risiko- og sårbarheitsanalysar av dei mest relevante og utilsikta hendingane som er skildra i Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap sine retningslinjer og følgje dette opp i kriseplanverket.

#### Samla vurdering av måloppnåinga

**Delar av rapporteringa på dette målet er tryggleiksgradert. Det er difor berre eit ugradert utdrag som her blir presentert i årsmeldinga.**

I 2022 har Forsvarsbygg forsterka beredskapsorganisasjonen sin. Vi har vidareutvikla operativt planverk gjennom samvirke med andre aktørar i forsvarssektoren. Dette gjeld særleg i førebuingane til og gjennomføringa av øvinga Cold Response 2022 og andre nasjonale beredskapsøvingar. Operasjonssenteret til Forsvarsbygg, bindeleddet vårt inn mot Forsvaret i beredskapssamanhang, deltok i øvinga Estates Guard. Øvinga har auka Forsvarsbygg si evne til å samvirke

og støtte Forsvaret i krise og krig. Saman med Forsvarsdepartementet og Forsvaret, prioriterast ressursbruka mot eigedom, bygg og anlegg som står opp under beredskapsevna. Vi vil vidareutvikle det tette samarbeidet med forsvarssektoren og totalforsvaret i 2023 for å støtte opp under beredskaps- og totalforsvarevna.

#### Resultatkrov

Forsvarsbygg skal gjere nødvendige førebuingar og prioriteringar for å bli beredskapsklar i samsvar med gjevne krav og klartider.

#### Resultat

Måloppnåinga blir ikkje rapportert i årsrapporten fordi informasjonen er skermingsverdig.

# R2

## Resultatmål 2

### FRAMSKAFFING AV BEREKRAFTIG EBA

Forsvarsbygg skal skaffe fram berekraftige kapasitetar innan eigedom, bygg og anlegg til Forsvaret. Dei fleste av framskaffingane er gjevne i oppdrag frå Forsvarsdepartementet og Forsvaret som prosjekteigar med gjevne rammer. Framskaffingar og fornying av eigedom, bygg og anlegg skal skje kostnadseffektivt, tidsriktig og til avtalt kvalitet. Vidare skal Forsvarsbygg vere ein god rådgjevar for forsvarssektoren i val av løysingar for eigedom, bygg og anlegg, basert på funksjonskrav og analysar av alternative løysingar. Desse løysingane blir lagde fram for prosjekteigar og oppdragsgjevar med framlegg til vedtak.

Måloppnåinga blir basert på ei heilskapleg vurdering av Forsvarsbygg si evne til å skaffe fram eigedom, bygg og anlegg i tråd med intensjon, krav og kriterium frå oppdragsgjevar og prosjekteigar.

## Samla vurdering av måloppnåing

### Vi leverer akseptabelt på målet i 2022

Prosjektleveransane til Forsvarsbygg i 2022 har vore mindre tilfredsstillande, sett opp mot vedtatt strukturutvikling for investeringsporteføljen i langtidsplanen til forsvarssektoren. I vurderinga har vi lagt vekt på at prosjekt i porteføljen ikkje blir leverte i høve til avtalt tid, betydeleg behov for rammeauke i pågående prosjekt og at kontantramma for året ikkje vart disponert fullt ut. Prosjekta som Forsvarsbygg avslutta i 2022, vart samla sett leverte innanfor styringsrammene til prosjekta. Forsvarsbygg har i løpet av året vore ein aktiv rådgjevar og mellom anna levert konseptutgreiingar for større strukturutviklingstiltak i langtidsplanen for Forsvaret.

I 2022 overleverte Forsvarsbygg 21 byggjeprosjekt til forsvarssektoren. Mellom anna overleverte vi eit nytt logistikksenter på Værnes, ny mannskapskaserne på Kolsås, nye fasilitetar for velferd og idrett på Ørland flystasjon og utviding av kontorbygget til Kystvakta på Sortland. På Evenes flystasjon overleverte vi seks prosjekt. Prosjekta har bidratt til nye bygg for forsyning og luftvern samt vern og sikring av flystasjonen. Vi ferdigstilte også prosjektet for å gjere Akershus slott tilgjengeleg for alle. Forsvarsbygg har inngått store entreprisekontraktar for å styrke øvingskapasiteten for nasjonale og allierte styrkar ved Akkasæter i Troms og lagerhallar for lagring av materiell og utstyr på Bardufoss. Ni av dei 21 prosjekta vart overleverte forseinka med mindre konsekvensar for brukar.

Forsvarsbygg avslutta 45 prosjekt i 2022 til ein slutt-kostnad på 3,1 milliardar kroner. Dette utgjer 99,8 prosent av den samla styringsramma. I åra 2019 til 2022, avslutta Forsvarsbygg 236 prosjekt med ein sluttkostnad på totalt 11,5 milliardar kroner. Det er 98,9 prosent av styringsramma på 11,6 milliardar kroner. Dette betyr at prosjekta over tid er leverte innanfor føresetnadene, som er lagde til grunn i investeringsplanen, og at det over tid ikkje har vore kostnadsoverskridingar for porteføljen som heilskap. Effekten av dette er at ambisjonsnivået i planverket for investeringar i eigedom, bygg og anlegg i forsvarssektoren kan oppretthaldast.

Forsvarsbygg ferdigstilte 25 avgjerdssunderlag i 2022, inkludert sju konseptvalutgreiingar, og mottok 39 gjennomføringsoppdrag til eit samla kostnadsestimat på 3 milliardar kroner. Forsvarsbygg leverte konseptvalutgreiingar for teknisk utdanning på Værnes, styrka rekruttutdanning på Madla, felles rekruttskole på Terningmoen, vidareutvikling av Ramsund, nivådanna utdanning for Forsvarets høgskole, infrastruktur på Haakonsvern, bustader i Indre Troms og fasilitetar for nye stridsvogner. For konseptvalutgreiingane knytte til styrka rekruttutdanning og felles rekruttskole, leverte vi også vurderingar av klimaavtrykket til dei ulike alternativa.

### Resultatkrov

#### STYRINGSPARAMETER R2.1

*Byggjeprosjekt levert til avtalt tid*

Føremålet med styringsparameteren er at brukarane kan ta i bruk eigedom, bygg og anlegg i samsvar med oppdraget.

#### Ambisjon

90 prosent av prosjekta skal overleverast til brukar i samsvar med avtalt dato i gjennomføringsoppdraget.

#### Resultat

Målloppnåinga er ikkje akseptabel.

Styringsparameter R2.1	2022
Byggjeprosjekt levert til avtalt tid	57 %

#### STYRINGSPARAMETER R2.2

*Overlevering av prosjekt innanfor godkjend styringsramme*

Føremålet med styringsparameteren er å måle avvik frå opphavleg styringsramme for total portefølje, målt frå gjennomføringsoppdraget.

#### Ambisjon

Prosjekta blir avslutta innanfor 100 prosent av samla styringsramme.

#### Resultat

Målloppnåinga er god.

Styringsparameter R2.2	2022
Overlevering av prosjekt innanfor godkjend styringsramme	99,8 %

# R3

## Resultatmål 3

### MÅLRETTA OG GOD FORVALTING AV SEKTO- REN SINE EIGEDOMAR, BYGG OG ANLEGG

Føremålet med målet er at all ressursbruk skal resultere i funksjonell eigedom, bygg og anlegg tilpassa brukarane sine behov innanfor best mogleg totaløkonomi, at utrangeringspotensialet blir synleggjort samt at utrangert eigedom, bygg og anlegg blir avhenda (inkludert riving og miljøopprydjing). Vidare skal planar og tiltak imøtekome dagens behov samstundes som framtidige økonomiske, teknologiske og miljømessige behov blir dekte på ein forsvarleg måte, og verdiane i eigedomsporteføljen blir varetatt. Dette inneber varetaking av bruksverdi, økonomisk verdi og verneverdi i samsvar med prioriteringskriterium avtalt med Forsvaret. Forsvarsbygg skal ha oversikt over eigedomsporteføljen til sektoren; under dette behovs- og kapasitetsoversikt, tilstandsgrad og kvalitetssikra fornyingsbehov. Forsvarsbygg skal vere ein proaktiv eigedomsrådgjevar som gjev råd, utarbeider planar og gjennomfører tiltak som sikrar målretta, kostnads-effektiv og berekraftig ressurs-utnytting. I tillegg skal miljø- og samfunnsmessige konsekvensar av Forsvaret si verksemd innanfor området eigedom, bygg og anlegg ivaretakast.

#### Samla vurdering av måloppnåing

##### Vi leverer akseptabelt på målet i 2022

Av samla husleigeinntekter er 84,3 prosent av husleige-inntektene allokerete til drift og vedlikehald. Dette er høgare enn målet på 73 prosent. Forsvarsbygg gjennomførte i 2022 vedlikehald for 769 millionar kroner. 79,3 prosent av midla er brukte på planlagd vedlikehald.

#### Personellrelatert eigedom, bygg og anlegg

Forsvarsbygg har i 2022 auka kvaliteten på butilhøva for over 700 meinige og befal i Indre Troms. Vi har hatt eit godt og nært samarbeid med Hæren undervegs i prosessen. Ein kombinasjon av løyving, planlagde vedlikehaldstiltak og Hærrens bidrag til inventar, har samla gjeve eit heilskapleg løft både på trivsel og tilstandsgrad. Vi har lagt betre til rette for allmenn verneplikt ved mellom anna å auke garderobekapasiteten for kvinner.

#### Fossilt brensel

Forsvarsbygg har bidratt til at forsvarssektoren har fått ei meir berekraftig forvalting av eigedomsmassen ved å fase ut fossilt brensel til oppvarming. Unntaka er lokasjonar som skal avhendast. Vi har søkt om ytterlegare dispensasjon for Bodø flystasjon, fordi framdrifta i prosjektet er forseinka.

#### Energi

Forsvarsbygg jobbar målretta med å redusere energiforbruket i forsvarssektoren. Vi gjer etatane medvitne på eige energiforbruk. I samarbeid med Forsvaret utarbeider vi også ein haldningskampanje. I 2022 har vi starta med innføringa av eit energioppfølgings-system som overvakar energiforbruket på leirnivå. Tiltaka står opp under målet om å redusere energiforbruket med 15 prosent innan utgangen av 2025. Høge energiprisar resulterte i at energikostnadene i forsvarssektoren auka med ein halv milliard frå 2021 til 2022.

#### Festningane

I 2022 hadde festningane 2,9 millionar besøkande, ein auke på 12 prosent frå 2021. Forsvarsbygg har gjennomgått og samanfatta eit høyringssinnspel til utgreiinga for framtidig forvalting av dei kulturhistoriske eigedomane til forsvarssektoren.

#### Reinhold

Forsvarsbygg har i 2022 utgreidd og kome med ei tilråding om korleis ei tilbakeføring av reinholdstenesta til forsvarssektoren kan gjerast på ein god måte. Regjeringa vedtok tidleg i 2023 at tilbakeføringa skal skje med mål om å få ei løysing som samla sett er betre enn i dag. Dette er ei høgt prioritert oppgåve for Forsvarsbygg framover.

## Resultatkrav

### STYRINGSPARAMETER R3.1

*Andelen husleigeinntekter som blir brukte til drift, vedlikehald, eigarstyrt utvikling og utskifting av komponentar.*

Styringsparameteren måler kor stor andel av husleigeinntekta som er brukt til drift og vedlikehald av forsvarssektoren sine eigedomar, bygg og anlegg.

#### Ambisjon

Minimum 73 prosent av dei totale husleigeinntektene skal gå til verdibevaring av porteføljen.

#### Resultat

Målloppnåinga er god.

Styringsparameter R3.1	2022	2021	2020
Andelen husleigeinntekter som blir brukte til drift, vedlikehald, eigarstyrt utvikling og utskifting av komponentar.	84,3 %	79,8 %	70,2 %

# R4

## Resultatmål 4

# PROFESJONELL OG HEILSKAPLEG RÅDGJEVING

Forsvarsbygg skal vere sektoren sin EBA-faglege rådgjevar. På vegner av eigar skal vi sikre at brukarbehov blir tilfredsstilte innanfor best mogleg totaløkonomi, under dette:

- Støtte Forsvarsdepartementet, Forsvaret og sektoren elles med EBA-fagleg rådgjeving/utgreiingar i langtidsplanlegginga og gjennomføringsplanlegginga til sektoren samt sikre god samhandling i sektoren elles knytt til framskaffingar og fornying av EBA.

- Gje eigedomsfaglege råd som tar hand om brukarbehova og samstundes gjev sektoren best mogleg kostnadseffektivitet og berekraftig ressursutnytting innanfor gjeldande rammevilkår.

- Råd skal vere heilskapleg i eit EBA-perspektiv der framskaffing, verdibevaring, drift og utrangering/avhending blir sett på i samanheng. Det er berre ved ei heilskapleg tilnærming det er mogleg å finne gode løysingar som varetar Forsvaret sine behov, som bidrar til å effektivisere eigedomsporteføljen og optimalisere framtidig drift. I tillegg skal vi ta hand om miljø og samfunnsmessige konsekvensar av verksemda til Forsvaret innanfor EBA-området.

- Gjennom gode heilskaplege råd i analysar, moglegheitsstudiar og heilskaplege planar skal Forsvarsbygg vidareutvikle profesjonaliteten sin i rådgjevinga. I tillegg skal rådgjevingsmiljøa til Forsvarsbygg innan sikring av bygg, førebyggjande tryggleik, eigedomsjuridiske område og kulturminne vidareutviklast. Som ein del av utviklinga skal det aktivt søkjast tilbakemelding på brukar si oppleving av denne rådgjevinga.

## Samla vurdering av måloppnåing

### Vi leverer akseptabelt på målet i 2022

Forsvarsbygg har i 2022 bidratt med rådgjeving i forsvarssektoren si langtidsplanlegging, investeringsplanlegging og gjennomføringsplanlegging. Vi har også levert eit betydeleg antal utgreiingar initierte av Forsvarsdepartementet og Forsvaret. Rådgjevinga inngår som ein del av avgjerdsgrunnlag til oppdragsgjevar for å bidra til kosteffektiv strukturutvikling med realistiske kostnadsrammer. Vi har bidratt med rådgjeving innanfor verdibevaring av eigedomsporteføljen i forsvarssektoren sin framtidige struktur slik at sektoren kan få mest mogleg ut av rammene som er til rådvelde. I tillegg har vi utarbeidd og sendt fram ei rekke prosjektidear for fornying av eksisterande bygg for å bidra til ei mest mogleg nøktern utvikling av eigedomsporteføljen. Målet er ei meir berekraftig utnytting av ressursane gjennom å oppretthalde bruksverdi og levetida på bygget samt dempe behovet for nye investeringar. Forsvarsbygg har også analysert og gjeve råd om tiltak for balansering av investeringsplanen for langtidsperioden.

Forsvarsbygg har deltatt i arbeidet med ein sams klima- og miljøstrategi for forsvarssektoren. Miljø-kompetansen vår blir gjort synleg på ein god måte og har bidratt til å løfte kunnskap for det sams strategiarbeidet. Forsvarsbygg representerer forsvarssektoren i det interdepartementale arbeidet for framande artar, pollinerande insekt, truga natur og økologisk grunnkart. Dette sikrar at interessene til forsvarssektoren blir tatt hand om samstundes som ny erfaring og kunnskap kan bringast tilbake i drift og prosjekt i forsvarssektoren.

Forsvarsbygg har bidratt med både rådgjeving og gjennomføring av oppdrag innanfor vertslandstøtte og beredskap. Dialogen med Forsvarsdepartementet og Forvaret er tettare, bidrar til ei tydelegare rollefordeling internt i sektoren og gjev Forsvarsbygg større handlingsrom til å utøve rolla som ein sentral rådgjevar og leverandør av tenester.

Forsvarsbygg har levert strategisk rådgjeving til forsvarssektoren og andre offentlege etatar innan fagområda kulturminneforvalting, miljø og berekraft, HMS og vern og sikring av bygg.



# FLYET TRENG EIN BASE

Vi leverer bygg og anlegg til Forsvaret  
i heile landet – i fred, krise og krig



## Rapport for ressursbruk

I 2022 hadde Forsvarsbygg totale driftsinntekter på 7,66 milliardar kroner. I tillegg er det brukt løyvingar på 3,52 milliardar kroner til finansiering av investering på eigedom, bygg og anlegg. Det gjev ei total finansiering av årets ressursbruk på 11,18 milliardar kroner, ein auke på 0,52 milliardar kroner samanlikna med 2021. Auken skyldast i hovudsak auka inntekter frå løyvingar og auka sals- og leigeinntekter. Andre driftsinntekter er noko lågare enn i 2021.

### Kostnader

Dei totale kostnadene for 2022 var 11,18 milliardar kroner<sup>1</sup>. Av dette er det gjennomført investeringar i eigedom, bygg og anlegg for totalt 3,52 milliardar kroner, som er balanseført. Dei totale driftskostnadene for 2022 var 7,66 milliardar kroner. Det er ein auke på 0,96 milliardar kroner frå 2021. Hovudårsaka er vare- og tenestekjøp som utgjer 0,84 milliardar kroner, ein auke frå 2021 med 20,9 prosent. Andre driftskostnader har auka med 0,10 milliardar kroner, eller 29,2 prosent, medan av- og nedskrivingar har auka med 0,08 milliardar kroner. Dette svarar til ein auke på 6,0 prosent. Lønskostnadene har gått ned med 0,06 milliardar kroner og 6,4 prosent samanlikna med 2021.

### Totale kostnader per innsatsfaktor

Vare- og tenestekjøp, inkludert gjennomførte investeringar i eigedom, bygg og anlegg, utgjer 72,0 prosent av dei totale kostnadene i 2022. Dette er ein auke på 0,2 prosentpoeng samanlikna med 2021. Andelen samla lønskostnad utgjer 10,9 prosent. Dette er ein reduksjon på 1,3 prosentpoeng og skyldast at antalet årsverk er noko lågare i 2022 samanlikna med 2021. Av- og nedskrivingar på varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar utgjer 12,6 prosent, ein auke på 0,1 prosentpoeng i høve til fjaråret. Andre driftskostnader utgjer 4,4 prosent av totalkostnaden, ein auke på 0,9 prosentpoeng frå 2021.

Ser ein bort frå av- og nedskrivingar relaterte til investeringar i eigedom, bygg og anlegg, utgjer totale kostnader 9,76 milliardar kroner. Fordelt på innsatsfaktorane utgjer vare- og tenestekjøp 82,4 prosent av dei totale kostnadene. Dette er tilnærma uendra frå 2021. Løn utgjer totalt 12,5 prosent, ein reduksjon på 1,4 prosentpoeng, medan andre driftskostnader utgjer 5,1 prosent og er ein auke på 1,1 prosentpoeng.

### Totalt vare- og tenestekjøp fordelt på kontonivå

Det er i 2022 utgiftsført kostnader for vare- og tenestekjøp for totalt 8,4 milliardar kroner, der 3,52 milliardar kroner av desse er balanseført. Vidare klassifisering av varekjøp viser at 78,1 prosent er knytte til kjøp av tenester, 14,4 prosent til gjennomstrøymingskostnader og 7,5 prosent til direkte kostnader på drift. Av desse 7,5 prosenta utgjer innleige 54,1 prosent. Alle vare- og tenestekjøp blir bokførte direkte på prosjekta i dei ulike produktområda.

### Totale kostnader per produktområde<sup>2</sup>

Totalt er det komne til kostnader på 4,05 milliardar kroner til løyingsfinansierte produktområde i 2022. Det utgjer 36,3 prosent av dei totale kostnadene, noko som er ein reduksjon på 2,1 prosentpoeng samanlikna med 2021. Oppdragsfinansierte kostnader på 0,62 milliardar kroner utgjer 5,6 prosent av dei totale kostnadene. Dette er ein reduksjon på 1,4 prosentpoeng samanlikna med fjaråret.

Kostnader knytte til husleigeavtalane for 2022 er på 3,22 milliardar kroner, og utgjer 28,8 prosent av dei totale kostnadene og er tilnærma likt fjaråret. Forsyningskostnader på 1,43 milliardar kroner består i hovudsak av gjennomstrøymingskostnader. Desse utgjer 12,8 prosent av dei totale kostnadene, ein auke på 3,1 prosentpoeng frå 2021. I 2022 er det brukt 1,52 milliardar kroner til brukarstyrkt utvikling og tilleggstjenester i eigedomsdrifta. Dette utgjer 13,6 prosent av dei totale kostnadene og er tilnærma likt som i 2021. Kostnader knytte til bustad og kvarter på 0,12 milliardar kroner utgjer 1,3 prosent av dei totale kostnadene og er tilnærma uendra i høve til 2021.

### Bruk av konsulentar

Bruken av konsulentar i Forsvarsbygg har i 2022 auka samanlikna med 2021. Konsulentbruken har vore naudsynt på grunn av ekstraordinært ressursbehov med spisskompetanse innan IT- og organisasjonsutvikling. Vi gjennomfører fleire digitaliseringsprosjekt og har utgreidd overføring av reinhaldstenester til sektoren. I tillegg pågår det fleire prosjekt som skal ta hand om tryggleikskrav og mogleggjere ytterlegare effektivisering. Forsvarsbygg har ikkje kjøpt konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen i 2022.

<sup>1)</sup> Totale kostnader inkluderer aktiverte kostnader knytte til immaterielle eigedeler, varige driftsmiddel og avskrivningar. <sup>2)</sup> Alle produktområda er knyttet til eigne avtalar og kan ha ulike finansieringskjelder i statsrekneskapen.

## Bemanningssituasjonen vår

### Årsverksutvikling

Ved utgangen av 2022 hadde Forsvarsbygg totalt 1 413 tilsette fordelt på 1 366 årsverk. Antalet tilsette har gått ned med 2,3 prosent, og talet på årsverk har gått ned med 2,1 prosent sidan 2021. Årsaka til nedgangen er strengare bemanningsstyring og høgare turnover.

98,9 prosent av dei fast tilsette er sivilt tilsette, medan 1,1 prosent er militære. Dette har vore stabilt i fleire år. 4,3 prosent av den totale arbeidsstokken er tilsette i mellombelse stillingar. Dette er ein nedgang på 0,8 prosent frå 2021. Landsgjennomsnittet for bruk av mellombelse stillingar i alle næringer var i 2022 på 9,4 prosent, og Forsvarsbygg ligg såleis godt under. Deltidstilsette utgjorde 0,64 prosent av arbeidsstyrken i 2022 mot 3 prosent i 2021. Dette er betydeleg under landsgjennomsnittet. Forsvarsbygg hadde i 2022 ein


samla turnover på 9,7 prosent, ein auke frå 0,1 prosent frå året før. Turnover frå eiga oppseiing var 7,5 prosent. Dette er ein auke på 0,3 prosent i 2021.

### Sjukefråvær


Det totale akkumulerte sjukefråværet for Forsvarsbygg ligg for 2022 på 5,6 prosent, ein oppgang frå 4,7 prosent i 2021. I 2022 hadde vi 2,9 prosent langtidsfråvær og 2,7 prosent korttidsfråvær. Alle avdelingar, med unntak av ei, har hatt eit sjukefråvær som er høgare enn Forsvarsbygg sitt interne mål på fem prosent.

Korttidsfråværet har hatt ein fallande trend, etter ein topp i februar og mars på rundt 3,7 prosent, og skyldast i stort forkjøling, influensa og covid. Langtidsfråværet hadde ei stiging frå januar til mai, men har lege stabilt på 2,8 prosent resten av året.


- Talet på tilsette
- Talet på årsverk




## Totale driftskostnader i perioden 2019–2022



## Totale driftskostnader per innsatsfaktor




## Totale varekjøp fordelt på kontonivå



● Vare- og tenestekjøp	72 %
● Lønskostnader	11 %
● Av- og nedskrivningar på varige driftsmiddel og immaterielle egedeler	13 %
● Andre driftskostnader	4 %

● Energikostnader	14 %
● Direkte kostnader drift	7 %
● Kjøp av tenester (framandytingar og underentreprise)	79 %

## Totale kostnader per produktområde



# 4

KAPITTEL 4

## Styring og kontroll



Styringa og kontrollen i Forsvarsbygg er tilpassa eigenarten, risikoen og vesentlegheita til verksemda. Vi gjennomfører aktivitetar i tråd med måla og prioriteringane til Forsvarsdepartementet og med effektiv ressursbruk.

Ein kultur for kontinuerleg forbetring skal sikre effektive prosessar med høg kvalitet.



Forsvarsbygg si styring og kontroll av verksemda er god. Forsvarleg forvalting og kontinuerleg forbetring utgjer rammene for kulturbygging, organisering, effektivisering og styring av verksemda. Hovudstrukturen i verksemddsstyringa vår ligg fast, og er tilpassa verksemda i eitt- og fleirårig perspektiv. Vi har ein velfungerande økonomimodell som saman med mål-, resultat- og risikostyring, utgjer kjernen i den overordna styringa vår.

## Overordna vurdering av styring og kontroll

Forsvarsbygg si mogenheit i styring og kontroll blir vurdert av internrevisjonen som formalisert med element av etterleving. Denne vurderinga er uendra frå 2019. Internrevisjonen skriv at Forsvarsbygg likevel har gjort ei rekke vesentlege forbetringar i 2022, særleg innanfor internkontroll.

Implementering av ein systematisk prosess for å handtere internkontroll har i 2022 bidratt til ei betre leiingsoppfølging i Forsvarsbygg. Den risikobaserte verksemddsstyringa er under kontinuerleg forbetring. I 2022 har vi også implementert ein heilskapleg risiko-matrice, digitale kurs og styrka etterlevinga innanfor internkontroll.

Forsvarsbygg skal vere ei prosessdriven verksemd, og stadig fleire av arbeidsprosessane er definerte og forbetra gjennom bruk av lean-baserte verktøy.

Vi har hatt ein omfattande gjennomgang av dei styrande dokumenta våre i samband med overgangen til eit nytt kvalitetssystem. Arbeidet med den digitale transformasjonen til Forsvarsbygg har fortsett i 2022. Det operative planverket til Forsvarsbygg er vidareutvikla gjennom året, og vi har starta ein intern prosess for vurdering av operativ evne og støtte til planverket til Forsvaret. Dette gjev etaten gode styringsverktøy som vi vil bruke i vidareutviklinga vår mot å vere eit beredskapsklart Forsvarsbygg.

Forsvarsbygg opplever at etablerte styrings- og internkontrollprosessar er gode, sjølv om etterleving av styrande dokument i enkelte tilfelle ikkje er god nok. For å auke mogenheita i styring og kontroll, vil vi i 2023 strukturert følgje opp at pågåande forbetringar gjev ønskt effekt.

## Mål- og resultatstyring

Forsvarsbygg sitt målbilete for langtidsperioden 2021–2024 viser korleis resultata våre står opp om effektmåla for forsvarssektoren. Justering av målbildet har bidratt til at krav til underleverandørar og HMS og miljø har fått større plass i styringsdialog og rapporteringa i 2022 med vekt på måloppnåing og effekt i eittårsperspektiv og for langtidsperioden. For å forsterke mål- og resultatstyringa er etaten si verksemddsstyring og risikostyring integrert gjennom ein sams prosess, forum og verktøy. Styringsmål, styringsparametrar, strategiske tiltak, oppdrag og strategisk risiko er samla i leiinga sitt informasjonssystem for å understøtte heilskapleg risikobasert verksemddsstyring og rapportering. Risikobaserte strategiske tiltak, som står opp under det overordna målbildet, blir identifiserte og implemeterte gjennom året. I mål- og resultatstyringa analyserer vi årsak og verknad og følgjer tett opp risiko gjennom risikoreduserande tiltak. Dette har bidratt til betre måloppnåing. Vi har i løpet av året utvikla systematisk evaluering av styringsprosessar og digitale kurs for å ta hand om organisatorisk læring av verksemddsstyring og risikostyring i Forsvarsbygg.

## Riskostyring og internkontroll

Systematiske og regelmessige vurderingar av risiko er ein del av Forsvarsbygg sine styrings- og rapporteringsprosessar. Ved å tidleg setje inn risikoreduserande tiltak, følgjer vi aktivt opp kritisk risiko og bidrar til at vedtatte strategiar blir gjennomførte, slik at ein oppnår fastsette mål og resultat.

Forsvarsbygg har i 2022 formalisert vidareutvikla rammeverk for risikostyring og internkontroll. Rammeverka skal legge til rette for ein systematisk prosess for å handtere uvisse, internkontroll og etterleving.

Implementering av metode og verktøy for systematisk og heilskapleg oppfølging av andre- og tredjelinje-kontrollar har bidratt til betre leiingsoppfølging. Andrelinjekontrollar blir etablerte, forankra og rapporterte i ein årleg risikobasert internrevisjon- og kontrollplan på tvers i verksemda. Oppfølging av mogenheitsvurderingar og revisjonsrapportar frå internrevisjonen er dokumenterbare og tilgjengelege for tilsette, leiarar og Forsvarsbygg internrevisjon.


Forsvarsbygg vil i 2023 setje inn ytterlegare tiltak for å forsterke læringsutbytet av eksterne revisjonar og kontrollar. Prosess, forum, verktøy og rapporteringsnivå for risikostyring sikrar at heile etaten sitt ansvarsområde blir risikovurdert, analysert og handtert.

Forsvarsbygg har i 2022 etablert og implementert ein einskapleg risikomatrise på tvers av verksemda med konsekvens-kriterium i samsvar med målbildet.

Forsvarsbygg vil i 2023 kontrollere etterleving av rammeverk for risikostyring og internkontroll på tvers av verksemda. Føremålet med kontrollen er å styrke forankring og kontinuerleg forbetring av rammeverka. Forsvarsbygg internrevisjon har i sitt arbeid i 2022 ikkje identifisert uakseptabel risiko som ikkje har blitt handtert.

## Riksrevisjonen

Forsvarsbygg mottok revisjonsbrev utan merknader frå Riksrevisjonen for rekeskapsåret 2021. Vi har dei siste sju åra levert rekeskap utan vesentlege feil eller manglar.



**Verdiane våre  
– tillit, ansvar,  
innsikt og  
integritet – ligg  
til grunn for all  
verksemd.**

## Kultur- og integritetsbygging

Forsvarsbygg legg kjerneverdiane sine tillit, ansvar, innsikt og integritet til grunn for all verksemd. Vi har eit høgt medvit om verdiane, og alle tilsette skal bruke verdiane som rettleiing til å ta gode val, i møte med kvarandre og omgjevnadene rundt oss. Integritet står sentralt i arbeidet vårt med å byggje ei felles etisk og haldningsmessig plattform. Viktige område og aktivitetar knytte til integritetsbygging inkluderer:

- Samfunnsoppdraget er ein del av visjonen vår og legg såleis føringar for dei strategiske satsingsområda og styringa av verksemda.
- Førebygging og avdekking av sosial dumping og arbeidslivskriminalitet.
- Likestilling, diskriminering og mangfold i Forsvarsbygg.
- Bruke Forsvarsbygg sine leiar- og medarbeidarprinsipp i medarbeidarsamtalar.
- Jobbe systematisk med kulturygging gjennom eigenopplæring og utviklingsprogram for leiarar og medarbeidaran.

I enkelte varslingssaker er det indikasjonar på at verdiane våre ikkje er godt nok forankra i organisasjonen. Desse sakene blir tatt på alvor. Vi er nøgde med at det har vore ein nedgang i talet på førespurnader til varslingskanalen i 2022 og at antalet er lågt i høve til storleiken på verksemda. Forsvarsbygg har i 2022 etablert eit system for oppfølging av varslingssaker som dokumenterer status og historikk på gjennomføring av tiltak. Systemet har bidratt til betre sporbarheit og dokumentasjon på korleis leiarar, tilsette og eventuelt andre partar blir gjort ansvarlege i oppfølgingsarbeidet.

## Porteføljestyring

Forsvarsbygg ser framskaffing, verdibevaring, drift og avhending i samanheng med utvikling av eigedomsporteføljen. Det er berre ved ei heilsakapleg tilnærming det er mogleg å finne gode løysingar som tar hand om behova til Forsvaret på ein kosteffektiv måte.

For å betre den strategiske porteføljestyringa i Forsvarsbygg, har vi etablert eit porteføljeforum. Forumet koordinerer og spreier kunnskap og metode om porteføljestyring og syter for at riktig informasjon blir delt på tvers av EBA-porteføljene. Dette tiltaket har, saman med etablering av årshjul for planprosessane og sams innsynsportal for produksjonsplanar, betra den interne samhandlinga.

Eigedom, bygg og anlegg er saman med materiell, personell og IKT ein innsatsfaktor for Forsvaret. Samhandling med Forsvarsdepartementet, Forsvaret og andre etatar bidrar til koordinert strukturutvikling av innsatsfaktorane. Dette er også viktig for langtidsplanlegginga til sektoren og integrerte planprosessar. Eit sams digitalt samarbeidsrom med Forsvaret med planar, utgreiingar, eigedomsinformasjon og prosjekt-dokument er under implementering.

På bakgrunn av den tryggleikspolitiske situasjonen vart det i 2022 løyva ekstra middel til investering og vedlikehald for å forsterke tilrettelegginga av trening, øving og mottak av allierte styrkar til Noreg. Tiltaka er starta opp og blir vidareførte i 2023. Det er også løyva ekstra middel til tiltak for å betre butilhøva i soldatkasernar og befalskvarter. Alle prosjekt og vedlikehalds-tiltak, som følgje av ekstratildelingane, er koordinerte med Forsvarsbygg si ordinære investeringsverksemd og vedlikehaldsproduksjon.

Digitalisering av eigedomsinformasjonen blir vidareført til og med 2024, der planen er at all eigedomsinformasjon skal vere digitalisert. Digital informasjon om eigedom, bygg og anlegg gjev oversikt over eksisterande bygningsmasse med tilhøyrande kapasitetar og gjev grunnlag for å kunne utnytte areala betre.

## Digitalisering

I 2022 har vi fortsett arbeidet med den digitale transformasjonen vår. Vi har ferdigstilt implementeringa av M365, og vi ser allereie effekten gjennom lettare digital samhandling. Betydeleg innsats i opplæring har ført til at prosjektet er ein god modell for brukaradopson ved implementering av andre digitaliseringstiltak.

Oppdatering av Forsvarsbygg sitt digitale vegkart har gjort samanhengar mellom digitaliseringsprosjekt tydelege og hjelpt til betre samhandling i arbei-

det med den digitale transformasjonen vår. Smidig prosjekt-metodikk er vesentleg for å auke gjennomføringsevna og raskare gje verdi til brukarar av dei digitale løysingane våre. Forsvarsbygg sitt konsept for tverrfaglege autonome team er forventa å gje betre digital endringskapasitet.

Det er utfordrande å oppretthalde god gjennomføringsevne i digitaliseringsprosjekt, særleg fordi det er stor konkurranse om spisskompetanse i marknaden.

## Tryggleik og beredskap

I 2022 omorganiserte vi sentrale og regionale tryggleiksleiarar og andre tryggleiksressursar. Dette gjer at vi i endå større grad står opp under Forsvaret i tryggleiksspørsmål og opprettheld eit forsvarleg tryggleiksnivå. Vi har i 2022 jobba med ei kompetansetrapp for å auke kompetansen innan førebyggjande tryggleik. Kurs innan autorisasjon og verdivurdering inngår i kompetansetrappa og har ført til større medvit på desse tema i verksemda. Ytterlegare kurs vil inngå i kompetansetrappa i 2023, noko vi forventar vil bidra til auka tryggleiksnivå. Forsvarsbygg har vidareutvikla det operative planverket sitt i 2022 for å ytterlegare stø opp under Forsvaret i fred, krise og krig.

## Personvern og informasjonstryggleik

Omsynet til personvern er også inkludert i prinsippa våre for informasjonsdeling. Personvernombodet i Forsvarsbygg opplever eit jamt tilfang av saker der verksemda ønsker hjelpe til å avklare spørsmål om personvern. Personvern i Forsvarsbygg er blitt revidert av Forsvarsbygg internrevisjon hausten 2022. Revideringa har avdekt forbettingspunkt som vi er i gang med å implementere.

Informasjonstryggleik er ein sentral del av arbeidet med digitalisering. Vi er også aktive hos leverandørar som skal ha godkjende informasjonssystem. Den aktive deltakinga gjer oss framoverlente og nytenkjande innan arbeidet med informasjonstryggleik. Vi har i 2022 jobba systematisk med godkjenning av graderte informasjonssystem for å ta hand om eit forsvarleg tryggleiksnivå rundt informasjonssistema våre. I 2023 vil vi gjere desse plattformene endå tryggare.

## Innsats mot arbeidslivskriminalitet

Førebygging og avdekking av arbeidslivskriminalitet og sosial dumping er eitt av satsingsområda i Forsvarsbygg sin anskaffingsstrategi for 2019–2023. For å styrke arbeidet med seriøsitet og etisk handel i vare- og tenestearketingane våre, vedtok Forsvarsbygg i 2022 å tilsetje to nye rådgjevarar med spesialistkompetanse innanfor desse fagområda.

Forsvarsbygg har seriøsitskrav i kontraktane. Krava er baserte på tilrådingane frå Direktoratet for forvalting og økonomistyring, Felles forbundet, Byggenæringens landsforening og Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon. Etter innføringa av openheitslova i 2022, har vi også tatt inn kontraktsvilkår om aktsemndsvurderingar og rapportering om risiko for brot på grunnleggjande menneskerettar i leverandørkjeda. Vi stiller mellom anna krav til at løns- og arbeidsvilkår for alle arbeidstakarar skal vere i samsvar med landsdekkjande tariff for den aktuelle bransjen. Avvik kan berre vere til fordel for arbeidstakaren. Vidare stiller vi krav til maksimalt to ledd underentreprenørar, bruk av faste tilsette, faglærte handverkarar og lærlingar, medlemskap i StartBANK, innlevering av skattefullmakt og rapportering til Brukardialog Utland for heile kontraktkjeda der det er relevant. Leverandøren er forplikta til å dokumentere at krava er innfridde og skal kunne leggje fram dokumentasjon på førespurnad. Kontraktkrava gjev Forsvarsbygg moglegheita til å kontrollere at regelverket blir etterlevd, og sanksjonere ved avvik. Dette betyr mellom anna å kontrollere rett utbetaling av løn til arbeidstakarane, forsvarlege arbeidstidsordningar, innbetaling av skattar og avgifter og bruk av kvalifiserte arbeidstakarar med relevant opplæring.

Ein del av den regelmessige oppfølginga av byggje- og anleggsprosjekta baserer seg på eigenrapportering frå entreprenørar om løns- og arbeidsvilkår i deira leverandørkjeder. For å effektivisere denne oppfølginga, vedtok Forsvarsbygg i 2022 å anskaffe HMSREG, eit system for registrering av opplysningar om leverandørar og deira mannskap. Føremålet er å leggje til rette for meir systematisk oppfølging som effektivt lukar ut useriøse og ukvalifiserte aktørar.

Forsvarsbygg har i fleire år samarbeidd med Skatteetaten for å forsterke innsatsen mot arbeidslivskriminalitet. Føremålet er å styrke kunnskapen om skatte- og avgiftskriminalitet, utveksle opplysningar mellom etatane og gjennomføre kontroll av leverandørkjedene til Forsvarsbygg. I 2022 vart det gjennomført fem kontrollar som ikkje var varsle på førehand på fire lokasjoner som avdekte konkrete avvik og forbettingsområde.

Forsvarsbygg følgjer no opp avvika. I tillegg gjer vi rutinemessige vurderingar av opplysningar om skattar og avgifter og leverandørane sin økonomiske situasjon. I 2022 dreiv Forsvarsbygg inn om lag 12 millionar kroner gjennom å påverke leverandørane til å betale inn restansar, for eksempel ved å hindre tilgang til byggje-plass før dokumentasjon på innbetaling ligg føre.

Forsvarsbygg er støttemedlem i Fair Play bygg, ein ideell organisasjon som jobbar for ein seriøs bygg- og anleggsbransje. Forsvarsbygg følgjer aktivt opp tips frå Fair Play og bidrar regelmessig med kunnskaps- og erfaringsdeling. Vi deltar også i eit samarbeidsforum med andre offentlege byggherre-organisasjonar, noko som bidrar til kontinuerleg forbetring av kontraktskrav og interne prosedyrar.



# 5

KAPITTEL 5

## Framtidsutsikter



Den langsiktige måloppnåinga  
i forsvarssektoren føreset at  
Forsvarsbygg utviklar berekraftige og  
kosteffektive leveransar som stør opp  
om behova forsvarssektoren har.

# R1

## Resultatmål 1

### EIT BEREDSKAPSKLART FORSVARSBYGG

Funksjonelle eigedomar, bygg og anlegg er ein av premissane for Forsvaret si operative evne og beredskap. Forsvarsbygg skal til ei kvar tid vere beredskapsklart i tråd med krava i forsvarssektoren sine instruksar og retningslinjer.

I dei resterande to åra av langtidsperioden vil vi fortsetje utviklinga av eige operativt planverk gjennom øvingar med dei andre aktørane i forsvarssektoren. Dette gjeld særleg øvingane Joint Viking 23, Nordic Response 24 og Polaris Gram, som vil vere læringsarenaer for planlegging av framtidige øvingar.

Forsvarsbygg skal styrke beredskapskompetansen og beredskapskulturen i organisasjonen og syte for at prioritert eigedom, bygg og anlegg har ein tilstand som står opp under beredskapsevnna. Vi vil styrke tilgangen på kritisk personell ved å etablere ein styrkestruktur og dekkje behov for materiell gjennom førehandsrekvirering. Sams planar med Forsvaret, samarbeid med sivile aktørar og sivile kapasitetar skal styrkast for å stø opp under beredskaps- og totalforsvarsevnna.



FORSVARET er ansvarleg for å bygge, trenere og leie militære styrkar og hjelpe samfunnet i krise og krig



Eigedom, bygg og anlegg er éin av fire ressursar som bidrar til forsvaret av Noreg.

Vi forvaltar forsvarssektoren sine eigedomar og infrastruktur.



FORSVARETS FORSKNINGSINSTITUTT leverer forskning og utvikling for forsvarssektoren

FORSVARSMATERIELL har ansvar for materiellforvalting og materiell-investeringar i forsvarssektoren

# R2

## Resultatmål 2

### FRAMSKAFFING AV BEREKRAFTIG EIGEDOM, BYGG OG ANLEGG

Framskaffing av berekraftig eigedom, bygg og anlegg skal støtte opp under vidareutviklinga av basestrukturen for Forsvaret sine kapasitetar. For Luftforsvaret er framskoten base for kampfly etablert på Evenes, men det vil framleis gå føre seg eit arbeid for å fullføre komplette og permanente fasilitetar for nye maritime patruljefly. I tillegg vil vi jobbe med å fornye og vidareutvikle eksisterande kapasitetar på Ørland. Dei største framskaffingane vil vere knytte til hovudbasen for maritime patruljefly på Evenes og til etablering av nye sensorar for militær luftromsovervakning. For Sjøforsvaret skal vi vidare utvikle Haakonsvern orlogsstasjon for utbåtvåpenet og Ramsund orlogsstasjon som Sjøforsvaret sin base i nord. Framskaffing av eigedom, bygg og anlegg til Finnmark landforsvar og vidareutviklinga av basestrukturen i Indre Troms, vil vere hovudinnsatsen overfor Hæren i langtidsperioden. I tillegg vil vi gjere vesentlege investeringar for å førebu mottak av allierte styrkar.

Forsvarssektoren arbeider med å konkretisere og kvalitetssikre tiltaka som skal bidra til realisering av vedtatt strukturutvikling. Sentrale investeringar i nye strukturutviklingstiltak er framleis i planfasen. Forsvarsbygg vil prioritere arbeidet med avgjerdsumfang for framskaffing av eigedom, bygg og anlegg for nye investeringsprosjekt.

Bygg- og anleggsnæringa har eit vesentleg klimavtrykk. Forsvarssektoren har ein ambisjon om å redusere energiforbruk og klimagassutslepp frå eigedom, bygg og anlegg, transport og operativ verksemrd. Som ein stor bestillar må Forsvarsbygg bidra til at framskaffing av eigedom, bygg og anlegg skjer på ein berekraftig måte og at nye EBA-kapasitetar har

energieffektive løysingar. Forsvarsbygg skal auke fleksibiliteten og mobiliteten til bygga, slik at levetida blir forlenga. Vi skal etterspørje innovasjon og vekte gode miljøløysingar positivt i anskaffingane våre. Vi skal også tilby oppdragsgjevar og prosjekteigar ei vurdering av klimaavtrykk som del av avgjerdsumfang for investeringar i fornying og framskaffing av nye bygg og anlegg.

Forsvarsbygg skal bidra til å hente ut vinstar i utgreiing, avgjerdsløp og gjennomføring av prosjekt for framskaffing og fornying av eigedom, bygg og anlegg, som ein del av forsvarssektoren sitt program for modernisering og effektivisering. Vi skal oppnå vinstane gjennom innføring av ein prosjektmodell som blir tilpassa ulike kategoriar av investeringsprosjekt, gjenbruk og standardisering, flyt i prosjektgjennomføring og digitalisering.

# R3

## Resultatmål 3

### MÅLRETTA OG GOD FORVALTING AV FORSVARSSEKTOREN SIN EBA

Forsvarsbygg skal sikre at eigedomsporteføljen i forsvarssektoren er berekraftig og kostnadseffektiv. I god dialog med etatane, gjennomfører vi langsiktig verdi-bevarande forvalting av eigedomsporteføljen. Vi tar hand om bruksverdi, økonomisk verdi og verne-verdi. Målet er at all ressursbruk skal skape funksjonell eigedom, bygg og anlegg som tilfredsstiller behova til forsvarssektoren og sikrar best mogleg total-økonomi. Samhandling mellom etatane er avgjerdende for å lykkast med dette. Ei utfordring er å møte behova i ein sektor som stadig er i utvikling med ein aldrande eigedomsportefølje. Forsvarsbygg må forstå Forsvaret sitt behov, tilpassa eigen organisasjon, auke innovasjonstakta og fortsetje arbeidet med digitalisering for å bli ein meir effektiv forvaltar.

Forsvarssektoren står ovanfor betydelege krav til vinstrealisering i tida framover. Eigedom, bygg og anlegg er eit viktig vinstområde. Her er innsatsen vår for reduksjon av energiforbruk eit vesentleg bidrag gjennom tekniske tiltak og haldningsskapande arbeid i sektoren. Støtte med naudsynt infrastruktur til allierte som øver og trenar i Noreg er også eit prioritert område framover. Satsing på butilhøve har mykje å seie for å bidra til motivert mannskap og befal. Tiltaka vi gjennomfører prioriterast i dialog med Forsvaret. Vi skal framleis støtte Forsvaret med utrangering av overflødig eigedom, bygg og anlegg for å redusere driftskostnader og bidra til at inntektene til forsvarssektoren kan aukast gjennom sal.



Ei utfordring er å  
møte behova i ein  
sektor som stadig  
er i utvikling med  
ein aldrande  
eigedomsportefølje.





# R4

## Resultatmål 4

### PROFESJONELL OG HEILSKAPLEG RÅDGJEVING

Profesjonell og heilsakapleg rådgjeving skal gje auka kvalitet i leveransane til Forsvarsbygg. Råda våre skal vere baserte på god innsikt om forsvarssektoren, eigedomsbransjen og samfunnsansvaret vårt. Dette inkluderer kunnskap om tryggleiks- og forsvarspolitiske mål, samt nasjonalt og alliert planverk. Ambisjonen er at råda våre skal vere heilsakaplege og sjå fram-skaffing, verdibevaring, drift og utrangering/ avhending i samanheng. Ei heilsakapleg tilnærming er avgjerande for å finne gode løysingar som tar hand om behova til Forsvaret, bidrar til å effektivisere eigedomsporføljen og optimaliserer framtidig drift. I tillegg skal vi ta hand om dei miljø- og samfunnsmessige konsekvensane av Forsvaret si verksemd innanfor ansvarsområdet vårt. Forsvarsbygg skal vere ein rådgjevar som samarbeider med og utfordrar brukar i val av EBA-løysingar. Dette skal vi gjere gjennom krav til å vere nøkterne, gjennom effektivitet og fleksibilitet samstundes som vi tar hand om eigarperspektivet. Strategiske råd innanfor eigedom, bygg og anlegg må difor ta omsyn til innsatsfaktorane personell, materiell og IKT.

Planlegging og framskaffing av eigedom, bygg og anlegg til nasjonal styrkeoppbygging, alliert mottak, trening og øving må tilpassast endringane i den tryggleikspolitiske situasjonen. Klima- og miljøstrategien til forsvarssektoren set ein tydeleg ambisjon og retning for rådgjevinga vår, slik at vi kan bidra til å redusere klimaavtrykket til forsvarssektoren.

Forsvarsbygg vil i åra framover jobbe for å vidareutvikle profesjonaliteten i rådgjevinga. Råda våre skal vere baserte på analysar, moglegheitsstudiar og heilsakaplege planar.

Vi skal frå tidleg fase bruke dei interne spesialistmiljøa våre innan miljø, anskaffingar og nasjonalt kompetansesenter for sikring av bygg, førebyggjande tryggleik, eigedomsjuridiske område samt kulturminne. Dette gjeld i både eksterne og interne prosessar. Det er her handlingsrommet for gode løysingar er størst. Dialogen med leverandørmarknaden skal styrkast for å utnytte kompetanse og innovative løysingar frå eksterne miljø. Forsvarsbygg vil fortsetje arbeidet med å involvere små og mellomstore leverandørar innanfor drift- og investeringsanskaffingar for å auke konkurransen og moglegheita for i større grad å bruke lokale og regionale tilbydarar.

Forsvarsbygg brukar oppdragsevalueringar og munnlege tilbakemeldingar i arbeidet for å vidareutvikle rolla vår som forsvarssektoren sin EBA-faglege rådgjevar og auke kvaliteten i rådgjevingstenestene våre.

# 6

KAPITTEL 6

## Årsrekneskap

## Forsvarsbygg avlegg rekneskap etter to finansielle rammeverk:

Kontantrekneskap etter  
føresegnene i statsrekneskapen og  
periodisert verksemdsrekneskap  
i samsvar med dei statlege  
rekneskaps-standardane (SRS).

## Leiingskommentar til årsrekneskapen

### Føremål

Forsvarsbygg vart oppretta i 2002 og ligg under Forsvarsdepartementet. Samfunnsoppdraget til Forsvarsbygg er planlegging, anskaffing, drift og avhending av forsvarssektoren sine eigedomar, bygg og anlegg (EBA) slik at Forsvaret kan gjere jobben sin i fredstid, krisa og krig. I tillegg forvaltar Forsvarsbygg militære festningar med føremål om å skape nytt liv på historisk grunn. Årsrekneskapen utgjer del 6 i årsrapporten til Forsvarsbygg.

### Stadfesting

Årsrekneskapen er avgjort i samsvar med vilkår om økonomistyring i staten med tilhøyrande rundskriv frå Finansdepartementet (R-115) og krav frå Forsvarsdepartementet i instruks om økonomistyring.

Forsvarsbygg avlegg rekneskap etter to finansielle rammeverk, kontantrekneskap etter føresegnehene i statsrekneskapen og periodisert verksemderrekneskap i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Rekneskapen gjev eit dekkjande bilet av Forsvarsbygg sine disponible løyingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigedelar og gjeld.

### Resultat etter SRS

Etter innføring av SRS 10, vil resultatet av aktivitetane i perioden alltid vere null ettersom netto resultat av Forsvarsbygg sine transaksjonsbaserte inntekter reduserer den årlege inntektsføringa av løying. Årets resultat av transaksjonsbaserte inntekter, hovudsakleg avhending av fast eigedom og resultat frå eigedomsdrifta, utgjorde 212 millionar kroner og er fråtrekt årets inntektsføring av løying.

### Vurdering av løyvingsrekneskapen

Forsvarsbygg sine samla løyingar til drift og investeringar i 2022 var 10,47 milliardar kroner. Totalt er 92 prosent av tilgjengeleg ramme brukt i driftsåret og gjev samla sett eit mindreforbruk på 679 millionar kroner.

Totalt viser kapittel 1710 post 01 ei mindreutgift på 624 millionar kroner medan kapittel 4710 post 01 viser ei mindreinntekt på 177 millionar kroner. Samla gjev det eit netto mindreforbruk på 447 millionar kroner.

Mindreutgifta på kapittel 1710 post 01 skyldast i hovudsak lågare oppdragsmengde og forskyvingar i brukarstyrte prosjekt og graderte prosjekt samt mindreutgifter knytte til forsyning. I tillegg er det mindreutgifter knytte til fleire øyremerkte løyvingar som skyldast forseinka framdrift. Desse vil bli vidareførte i 2023.

Mindreinntekta på kapittel 4710 post 01 skyldast i hovudsak lågare inntekt enn ramme på tilleggsstenester og brukarstyrte prosjekt i samsvar med lågare oppdragsmengde avklart med brukarane. Det er også lågare inntekt på Nato Security Investment Programme grunna justert framdrift i fleire prosjekt samt forskuve sluttoppgjer til 2023.

For kapittel 1710 post 47 er det eit totalt mindreforbruk på 230 millionar kroner, noko som er 7 prosent av tildelt ramme. Kapittel 4710 post 47, sal av eigedom, bygg og anlegg, viser ei meirinntekt på 2 millionar kroner, av dette var inntektskravet på 126 millionar kroner. Samla gjev dette eit netto mindreforbruk på 232 millionar kroner. Mindreutgifta på kapittel 1710 post 47 skyldast i hovudsak forseinka framdrift i prosjekt. Meirinntekta på kapittel 4710 post 47 skyldast sal av bustader over takst i 2022.

Netto mindreforbruk på 679 millionar kroner vil bli søkt overført til 2023.

### Mellomverande

Mellomverandet med statskassa utgjorde per 31.12.2022 totalt 76,9 millionar kroner og består i hovudsak av fordringar knytte til skyldig skattetrekk og offentlege avgifter samt avsett pensjonspremie til SPK. Oppstillinga av artskontorrapporteringa viser kva slags eigedels- og gjeldspostar mellomverandet består av.

### Hendingar etter balansedagen

Festningen restaurant på Akershus festning vart totalskadd i brann 4. februar 2023. Bygget vart oppført i 1863 som fengsel og vart seinare brukt som laboratoriekjøken. Det er eit viktig kulturminne, og eksteriøret på bygningen er freda. Bygget har ein bokført verdi på 3,2 millionar kroner som vil bli nedskrivne i 2023.

### Tilleggsopplysningar

